

Erfaringar frå turistverksemda ved Heddal stavkyrkje:



Foto Atle Kvæle Rui



MED ULIKE "SKO" PÅ FØTENE GÅR VI INN I KYRKJA

Tekst og foto: Berit Mogan Lindheim



Cand. mag. UiO 1979, leiar for omvisartenesta ved Heddal stavkyrkje.

Ved Heddal stavkyrkje er omvisartenesta ei serviceteneste retta mot alle besøkjande. Seks omvisarar pluss leiaren er i sving heile sommaren. Å ta imot gjester og å formidle historia til kyrkja er den viktigaste oppgåva.

Rundt 20 000 personar løyser billett i løpet av tre og ein halv måned, om lag halvparten er tysktalande, resten for deler seg med dobbelt så mange engelsktalande som nordmenn. Det seier seg sjølv at her er det travle tider i sommarmånadene.

Alle har vi eit ærend for å besøkje kyrkja, anten som nysgjerrig turist på jakt etter eit godt fotomotiv, forventningar om å møte menneske som kan fortelje deg eitt og anna om kyrkja, eller kanskje søkjer du kyrkjehuset for meditasjon og åndeleg oppleving. Mange kjem til "kyrkja si" for å ta del i dei faste handlingane som gudstjeneste, konfirmasjon, vigsel, dåp og gravferd, andre har heilt andre oppdrag, til dømes vedlikehald og restaureringsarbeid. Brannvesen og andre kommunale etatar har òg sine rutinekontrollar og sørgjer for at kyrkjehuset er forsvarleg sikra mot brann, vasslekkasjar, strømsvikt med meir. Elles er kyrkja ofte brukt som forskingsobjekt heilt frå barnehagenivå til høgskolar og universitet. Besøk i samband med slike prosjekt skjer helst vinterstid. Riksantikvaren har i fleire år hatt eit restaureringsprosjekt kalla "Stavkyrkjeprogrammet" der istandsetjing av bygningane er hovudoppgåva. Målsettinga er å setje i stand alle stavkyrkjene i Norge inklusive dekor og kunst innvendig, samt å supplere dokumentasjonen av dei. Programmet starta i 2001 og pågår fram til 2015.

Ein skal ha gode samarbeidsevner for å sno seg i dette nokså krungete landskapet, særleg når ein tenkjer på at det heile sommaren kjem opp mot 200 turistar inn i kyrkja kvar dag. Kan desse ulike interessene føre til konflikter av noko slag, eller er oppgåvene såpass klart avgrensa at ein kan utføre jobbane side om side?

Det kan oppstå problem i blant, oftast slike som ligg i grenseland i høve til ansvarsområde. Sjølv om det er reglar og arbeidsrutinar som avklarar grensene, vil det oppstå situasjonar ein ikkje har tenkt ut på førehand. Turiststrømmen kan opplagt vera eit problem for andre brukarar.



Foto: Kjell Bitustøy

Heddal stavkyrkje har vore ei brukskyrkje så langt vi veit attende, og er framleis i bruk som hovudkyrkja i soknet. Stavkyrkja har vore den åndelege og sosiale møtestaden i snart 800 år. Eit diplom frå 1315 nemner "Ryginar Kirkja i Heitradali", og kyrkja er nemnd i biskop Øystein jordebok, 1398 som Mariakyrkje, vigsla 25. oktober. Årstalet veit vi ikkje, men vi antar at ho er reist rundt 1250, altså ikkje uvanleg datering for ei stavkyrkje. Etter at vi i Heddal fekk bygd ein ny prestegardslåve med moderne kyrkje, Låvekyrkja i andre høgda, er "gamlekyrkja" i bruk berre i sommarhalvåret, frå 14. april til 14. oktober. Ansvaret for bruk, drift og vedlikehald av begge kyrkjene ligg hjå sokneråd og fellesråd i kommunen.

Vi veit at stavkyrkjene er ein viktig del av vår nasjonale kulturarv, og er for dei fleste av oss eit identitetsskapande symbol med eige kapittel i historiebøkene. Alle kulturminne frå før reformasjonen er statens eigedom og såleis automatisk freda. Slike kulturminne

skal dermed liggje under Riksantikvarens arbeidsområde med fellesrådet i kommunane som utøvande organ. Slike kulturminne har ettersyn og vedlikehald etter særskilte reglar. Det vil i praksis seie at vi som arbeider med turismen ved stavkyrkja, må rette oss etter det vernemyndigheitene bestemmer, til dømes vask, alarm, låsing, oppvarming, brannforskrifter, fysiske avgrensingar osv. Tydelege grenser og god kommunikasjon er overmåte viktig. Det er greitt å vite at kyrkja er tilgjengeleg når ein har ein flokk på 30 personar med forventningar om eit besøk i stavkyrkja. Alle brukarar av kyrkja bør ha ansvar for å informere kvarandre, og meldingar må vera sendt i god tid. I reiselivet skjer planlegging og marknadsføring i god tid, gjerne eit halvt år i førevegen. Planlegging av kyrkjehandlingar og vedlikehaldsarbeid må av den grunn vera gjort i god tid så ikkje uheldige situasjonar oppstår.

Brannvern er òg eit viktig tema med enda fleire restriksjonar, og kan føre til vanskelege arbeidsforhold for oss, til dømes kravet om rømningsveggar. Kven ønskjer å ta ansvar for heilagdomen med fire ulåste dører i opningstida? Heddal stavkyrkje er godt sikra med overrislingsanlegg og nytt alarmanlegg i kyrkja. Direkte telefonlinje til brannvesen gir tryggleik i høve til det store ansvaret ein kan kjenne ved å arbeide ved eit slikt kulturminne.

Formidlingsarbeidet er gjevande og interessant. Vi møter mange ulike menneske, og samarbeidet mellom omvisarane trur eg er det aller beste. Som leiar for omvisartenesta kjenner eg meg trygg på at vi leverer kvalitet i det arbeidet vi utfører. Tilbakemeldingane tyder på det. Det bra at kyrkja er i bruk som åndeleg møtestad, og det er godt å vite at vi har vernemyndigheiter som tar seg av det praktiske vedlikehaldet. Men eg ønskjer meg betre kommunikasjon og fleksibilitet hjå dei kyrkjelege organa med ansvar for drift og vedlikehald. Det ville auka trivselen og gjere arbeidet lettare.